



Hjorteseminarer i dag hadde samla mykje ekspertise. Her er skogbrukssjef Terje Natland og viltforvaltar Leiv Trygve Varanes saman med Frode Åkre og Taisto Erkinherju

Truleg vart det felt rundt rekna 1200 hjort i Kvinnherad i fjor mot 1250 året før, som var Noregsrekord. Det har altså ikkje vore nokon dramatisk nedgang, fastslo viltforvaltar Leiv Trygve Varanes for uskedalen.no under hjorteseminarer i Rosendal i dag. Varanes har ikkje dei endelege tala førebels, men uskedalen.no har rekna ut at det i fjor vart felt 84 dyr mot 96 året før i vår bygd.

Uskedalen var forøvrig ikkje representert under hjorteseminarer, men frå anna hald vart det streka under at dalen bør verta eitt jaktområde. Til dømes har Omvikdalen god erfaring med ei slik samordning og det vert her vist til Hjortefot.

Ser ein ellers nærare på fellingstala for vår bygd i fjor hadde Skorpo 3 felte dyr mot 4 året før og Rød 6 mot 4 i 2011. Fordelinga i dei andre valda var slik dei 2 åra:

Kjærland/Myklebust/Rød 15 - 18
 Haugland 16 - 23
 Musland 22 - 23
 Fjellandsbø 3 - 5
 Øvre Feet/Døssland 14 - 12
 Ytre Feet/Eik 5 - 5
 Ljosnes 4 - 2

Viltforvaltaren er svært fornøgd med at fordelingen av dei felte dyra er svært lik den nye målsettinga i kommunen. Såleis var det 50,2 prosent hodyr og 49,8 bukkar medan målsettinga var 50/50.

Målsettinga for kalv og ungdyr var 55 prosent og her kom dei opp i 56,1. Så ideelle tall samanlikna med målet er truleg aldri registrert før, held Varanes fram.

Av Ola Matti Mathisen



Hagebesøk av hjort i Kvinnherad